

Referat frå møte 4 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	Dato:	09.04.2025	Møtenr.:	4/2024-2025
Referent:	Magne Abelsen				
Tilstades:	Jonatan Eriksson-Kvalvik (leiar elevråd), Olav Skutle Lie (nestleiar elevråd), Ane Monsen Rong (leiar FAU), Anja Stigen Mikkelsen (nestleiar FAU), Stian Telle (kommunal representant), Tore Foldnes (rektor), Aina Kolstad (rep. lærar), Laila Nordvik (rep. lærar), Møyfrid Olsen (andre tilsette)				
Ikkje møtt:					

Tema	Kva	Oppfølging
Saker frå skulen:	Orienteringssaker ved rektor - Orientering frå Kvalitetsdialogen med Skulesjefen: Elevane orienterte kort om tankar som vart løfta fram i elevrådet knytt til lesing; som har vore satsingsområde til skulen dei siste åra. FAU har mange positive bidrag til elevane og skulen, mellom anna sosialkomite, 17.mai-arrangement, refleksdag, bytedag, støtte til TL-program, skidag m.m.. Tore gjekk gjennom handlingsplanen som er ei oppfølging av Kvalitetsdialogen og grunnlag for tilbakemelding frå Skulesjefen til politikarane om stoda i skulane i kommunen. - Ågotnes skule har gjennomført tilsyn med Arbeidstilsynet knytt til muskel- og skjelettplagar og psykiske plagar blant tilsette. Vi har fått fem pålegg om utbetringar (kartlegging, ROS og tiltak) knytt til - o vald og truslar - o plan for korleis jobbe førebyggjande i lag med bedrifthelsetenesta - o arbeid ved dataskjerm - Økonomi- og ressurstildeling: Skulen står i ein krevjande situasjon for tida (slik det er for kommunen som heilheit). Skulen har eit overforbruk som i all hovudsak knytt til vikarbruk – der fråværet er høgare enn vikarbudsjettet. Det er utfordrande å få tak i kvalifisert vikar. Vi har nytta vikarbyrå, men det har vi stoppa med, både fordi det er dyrt og ofte nye vikarar og ikkje alltid den kvaliteten vi treng. Vikarbehov blir forsøkt dekkja internt, med å flytte lærarar og andre tilsette. Ressurstildeling for neste skuleår er lågare enn inneverande	

	år. Hovudgrunnane er at vi får om lag 30 færre elevar, det er nye kriteria for særskilt norsk og ny utrekningsmodell for spesialundervisning.	
Saker frå SFO:		
Saker frå elevråd		
Saker frå FAU:	- Skålevikskule; korleis går samspelet? Skulen opplev at det går fint å dele skule, rom og skuleplass. - Bytedag/gratisbutikk: På Energimessa hadde Ågotnes skule tema gjenbruk. Elevane hadde hatt oppteljing av alle gjengløynde klede og fokus på berekraft, kostnadar knytt til produksjon og personlege innkjøp. FAU har innspel om å starte opp og drive elevbedrift med gjengløynde klede, rester av mjølk og frukt o.l. Tore støtter tanken og tenkjer det hadde vore flott om det er bedrifter/næringsliv som kan vere støttande i ein slik prosess. - Bomnøkkel: Det er ønskje om å ha ein nøkkel til bommen når ein låner gymsalen til arrangement. - Skjema til lånetakarar: FAU har forslag om at skulen utarbeidar/oppdaterer skriv med oversikt over korleis bord og stolar skal stå, rutine for kasting av boss m.m. i samband med utleige. - Toalett; gir ikkje elevane nok privatliv. Nokre elevar kvir seg til å gå på toalett, då dei opplev at toaletta er for "opne" og lite skjerma. Tore vil melde frå til eigedom, slik skulen har gjort tidlegare. - Symjehall og betaling; politikarane har vedtatt at barn skal betale når dei går på offentleg bading. FAU ber politisk representant om å ta saka vidare. - Robustbustader; kommunestyret har vedtatt at det skal kome robustbustader i Ågotnes skulekrins. FAU etterspør engasjement frå politikarane i samband med FAU sitt høyringssvar til kommunestyret. - Farleg skuleveg frå busstopp til heimar i samband med avfallsanlegget på Eide. Tore vil organisere ei synfaring. - Kutt i budsjett; det var ikkje tid til denne saka.	



Ågotnes skule

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse
Ternholmvegen
2
5337 RONG

Konto.nr.
1506.24.29981

Org.nr.
922 53 0890

Telefon
56 16 00 00

E post
postmottak@oygarden.kommune.no